

Notat

Dato: 18.03.2019
Arkivsak: 2015/8272-43
Saksbehandlar: benutne

| | |
|-------------|---|
| Til: | Utval for miljø og samferdsel Fylkestinget |
| Frå: | Fylkesrådmannen |

Svar på spørsmål om skilting i krysset E134/Fv 48

Viser til FO 25/18, der fylkesordfører svarar:

«Det stemmer at Statens vegvesen (ved Plan og forvaltning Voss og Hardanger) i byrjinga av oktober var i møte med Etne kommune om omklassifisering av gamlevegen utanfor Stordalstunnelen på E134. I samanheng med omklassifiseringa var det også naturleg å drøfte skiltinga av både nye veganlegget og gamlevegen.

Det må presiserast at Stordalsprosjektet er i SVV si eige, men er ikkje overlevert internt i SVV frå prosjektet til drift og vedlikehald. Det er utarbeida ein vedteken skiltplan. Skilta som er sett opp er dessverre ikkje heilt i samsvar med denne planen. Mellom anna manglar det skilting til Husnes og ferjesymbol. Me håpar at skiltinga skal rettast opp i innan kort tid. Me har ikkje teke stilling til skilting av snøggåten. Skilting til Skånevik Fjordhotell er meldt inn til SVV og sakshandsaminga pågår.

Det er semje om at det er uheldig at det ikkje er kome opp rett skilting i krysset. SVV jobbar for å få retta opp i skiltinga snarast.»

I etterkant av dette har Synnøve Solbakken den 21.02.19 sendt følgjande oppfølgingsspørsmål til Statens vegvesen ved Grethe Vikane:

«Eg er glad for at no skilt kjem på plass frå E 134 til Skånevik og Husnes + ferjesymbol. Så har eg fått spørsmål om det let seg gjera med skilt som viser at det er snøggåten frå Skånevik?»

Statens vegvesen har den 22.02.19 svart følgjande ved Carl Erik Nielsen:

«I ny skiltplan inkl nytt skilt til Skånevik kjem symbol «Ferje» som i dag også betyr rutegående båttrafikk. Finnes ikkje eige symbol for snøggåten i dag. Dagens bruk av teknologi endrer også tidlegare behov.»

Etter dette reknar fylkesrådmannen med at spørsmåla er svart ut.